



Fylkesmannen i Vestland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/518 - 19/12142

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:

29.05.2019

Høyringsvar - frivillig skogvern i Gripakletten i Meland kommune

Fylkesmannen i Vestland sendte i brev dagsett 28.03.2019 verneforslag på 5 områder for frivillig skogvern i Hordaland. Eit av disse områda er Gripakletten i Meland kommune. Ordninga med frivillig skogvern er basert på grunneigars ynskje om skogvern, og i Gripakletten har grunneigarane takka ja til det økonomiske tilbodet frå staten. Bakgrunnen for skogvernet er å redusera tap av naturmangfald, og skogvernet ein del av dette arbeidet. Arbeidet er ein del av den nasjonale målsettinga om vern av 10 % av skogen i Norge.

Fylkesmannen sendte i februar i 2019 ut varsel om oppstart for verneprosessen. I denne høyringsrunden er det sendt ut framlegg til avgrensing og verneforskrift. Områda som vert verne vert naturreservat med eigen verneforskrift. Fylkesmannen skriv i brevet at det er ønskjeleg med innspel på det frivillige skogvernet slik at prosessen og tema kan verta så opplyst som mogleg. Høyringsfristen er satt til 05.06.2019.

Gripakletten har tidlegare vore vurdert som verneområde på grunn av natur- og skogkvalitetane i området. I verneplan for barskog i 1992 var området med, men kom ikkje heilt i mål grunna hogst i del av området. Det har vore gjennomført kartleggingar i 2014, kor det vart avdekt ny kunnskap om området. Det ble da registrert fleire førekomstar av vestnorsk regnskog med tilhøyrande truga artar som er knytt til skogtypen. Det føreslåtte området er på til saman 470 daa og ligg på to ulike eigedomar. Forslaga til vernegrense er basert på ønskje frå grunneigarar som har tilbyde areal og dei dokumenterte naturkvalitetane i området.

Det er utarbeidd ein verneforskrift som skal regulera bruken av området, og sikre at føremålet med vernet vert ivareteke. Og det vil vere naturleg at enkelte aktivitetar og anlegg ikkje lenger vil kunne gjerast/byggast som følgje av vernet. Men kommunen er opptatt at verneforskrifta skal legge til rette for at ein del av dei aktivitetane som er i området i dag framleis skal vere mogleg etter vern. I dette området er det særleg friluftsliv og beite/landbruk som er viktig. Gripakletten grenser til Storavatnet som er ein del av Rylandsvatnet som er eit verna vassdrag. Storavatnet er eit mykje bruk friluftsområde i Meland kommune, kor ferdsel skjer med til dømes med kajakk og kano. Kommunen meiner det er viktig at det er informasjon tilgjengelig om naturreservatet mot vatnet slik at dei som kjem på vatnet kan få informasjon om naturreservatet og dei reglane som gjeld for området.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Delar av området vert i dag nytta til utmarksbeite for sau. Kommunen meiner at det viktig at den bruken av utmarksbeite som har vore nytta her dei seinare bør kunne fortsette dersom dei ikkje er i konflikt med verneformålet. Dette fordi utmarksbeite er ein viktig ressurs for landbruket i området.

Meland kommune meiner at vernereglane for Gripakletten legg opp til at mykje av den tradisjonelle bruken av området kan helde fram. Det er framleis mogleg å nytta området til friluftsliv, jakt, beite og likande. Vernereglane balanserer bruk av området med formålet for vern. Men det vil vere viktig at det vert gjort informasjonsarbeid for å opplyse grunneigarar og andre som nyttar området. Dette for å unngå at det skjer aktivitet som ikkje er i tråd med formålet for området. Det kan til dømes gjerast eit informasjonsarbeid i samband med oppretting, samt at det bør stå informasjon tilgjengeleg på dei stedane som er innfallsporter til området.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Fylkesmannen i Vestland